

Barndomsminne frå Nordland

Elias Blix Norsk folketone

Å eg veit meg eit land langt der oppe mot nord
med ei lysande strand mellom høgfjell og fjord.
Der eg gjerne er gjest, der mitt hjarta er fest
med dei finaste, finaste band.
Å eg minnest, å eg minnest, å eg minnest så vel dette land.

Der eit fjell stig mot sky med si krone av snø,
og i lauvklednad ny det seg speglar i sjø.
Og det smiler mot strand med si bringe i brann
i den solklåre, solklåre kveld:
Å eg minnest, å eg minnest, å eg minnest så vel dette fjell!

Ja, eg kjenner den stad der eg stima som gut,
der eg kaua og kvad, så det svara frå nut,
der eg leika og log i den lauvkledde skog
mellom blomar og blomar og blad:
Å eg minnest, å eg minnest, å eg minnest så vel denne stad!

Og når vinden var spak, fór om fjorden eg rundt.
Der eg rodde og rak som ein fiskande glunt.
Der eg leikande låg og meg vogga på våg
i den nattsol, den nattsol der nord:
Å eg minnest, å eg minnest, å eg minnest så vel denne fjord!

Men det dårande hav som no drøymmer så stilt,
vert ei glupande grav når det reiser seg vilt.
Snart det lokkar og ler, snart det over deg slær
og dreg båten, dreg båten i kav:
Å eg minnest, å eg minnest, å eg minnest så vel dette hav!

I min heim var eg sæl, - av di Gud var attved,
og eg kjende så vel kor det anda Guds fred,
når til kyrkja me for, når me heime heldt kor
og med moder, med moder eg bad:
Å eg minnest, å eg minnest, å eg minnest så vel denne stad!

Denne heim er meg kjær som den beste på jord.
Han mitt hjarta er nær denne fjetrande fjord,
og det målande fjell og den strålande kveld,
hugen leikar på leikar på deim:
Å eg minnest, å eg minnest, å eg minnest så vel denne heim!

Og eg lengtar så tidt dette landet å sjå,
og det dreg meg så blidt når eg langt er ifrå.
Med den vaknande vår vert min saknad så sår,
så mest gråta, mest gråta eg kan:
Å eg minnest, å eg minnest, å eg minnest så vel dette land.